



## Møteinkalling

---

**Utval:** Partssamansett utval Nye Øygarden kommune

**Møtestad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje

**Dato:** 04.06.2019

**Tid:** 09:00

---

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på  
[politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no](mailto:politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no)

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert kaffi / te og lefser ved møtestart.

Straume, den 29.05.2019.

Marianne Sandahl Bjorøy (s)  
Leiar

## **SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>
PS 7/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 8/19	Referatsaker og orienteringar
PS 9/19	Anbodsprosess på forsikra løysing for pensjon i Nye Øygarden kommune
PS 10/19	Drøftingssak: Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - rammer, prinsipp og prosess
PS 11/19	Etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune frå 01.01.2020



## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
7/19	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune	04.06.2019

### **Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok**



## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
8/19	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune	04.06.2019

### **Referatsaker og orienteringar**



## SAKSDOKUMENT

Utvaksnsr	Utvak	Møtedato
9/19	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune	04.06.2019
	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	

### Anbodsprosess på forsikra løysing for pensjon i Nye Øygarden kommune

#### Samandrag av saka:

Fellesnemnda gjorde følgjande vedtak i møte 17.12.2018:

1. *Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.*
2. *Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.*

*Prosjektrådmannen får i oppdrag å sjekke om val av kommunal pensjonsløysing er underlagt innkjøpsreglementet.*

I fellesnemnda sitt vedtak vart det lagt til grunn at Nye Øygarden kommune skulle bruke KLP som sin leverandør av pensjonstenester. Utgangspunktet for dette var ei vurdering om at KLP var eineleverandør i marknaden på forsikra pensjonsløysingar. Etter at prosjektrådmannen har hatt ute ei intensjonskunngjering i marknaden er det kome fram at det er fleire aktørar som kan vere aktuelle som leverandørar, også Storebrand. Dette inneber at val av pensjonsleverandør må ut på anbodskonkurranse jf. Lov om offentlige anskaffelser og Forskrift om offentlige anskaffelser.

Prosjektrådmannen har gjennomført ein minikonkurranse på fagleg bistand i samband med utarbeiding av anbodet. Her vart Aon AS vald som leverandør.

I saka er det gjort greie for planlagd prosess kring anbod og val av leverandør.

#### Innstilling:

Fellesnemnda tek saka til orientering

Rune Lid  
prosjektrådmann

**Dokument vedlagt saka:**

Ingen.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden skal slå seg saman pr. 01.01.2020 til "Nye Øygarden kommune". Pr. i dag er Sund og Øygarden i KLP og Fjell kommune er i eigen pensjonskasse. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune har vedtatt at den nye løysinga skal vere ei forsikra løysing.

Nye Øygarden kommune skal inngå ei avtale om offentleg tenestepensjonsordning for sine tilsette.

I fellesnemnda sitt vedtak vart det lagt til grunn at Nye Øygarden kommune skulle bruke KLP som sin leverandør av pensjonstenester. Utgangspunktet for dette var ei vurdering om at KLP var eineleverandør i marknaden på forsikra pensjonsløysingar. Etter at prosjektrådmannen har hatt ute ei intensjonskunngjering i marknaden er det kome fram at det er fleire aktørar som kan vere aktuelle som leverandørar. Storebrand kom med innvending på intensjonskunngjøringa og fastslår at dei også kan levere tenestene og at dette bør ut på anbodskonkurranse jf. Lov om offentlige anskaffelser og Forskrift om offentlige anskaffelser. Denne innsigelsen er vurdert og teke til følgje.

På denne bakgrunn er det vedteke å gjennomføre ein anbodskonkurranse. Arbeidet med prosessen i forhold til anbod er starta og Aon AS har fått oppdraget med å hjelpe Nye Øygarden kommune med val av pensjonsleverandør.

Ferdig kravspesifikasjon med dokumenter og utlysing av anbod er planlagt innan 25.06.19. Når anboden er gjennomført er det klart kven som skal overta etter Fkp og eventuelt KLP. Avtale med ny leverandør vert etter planen gjeldande frå 01.01.2020 og avvikling av Fjell kommunale pensjonskasse vil bli gjennomført.

## *Framdriftsplan for anbodsprosess:*

Utgangen av mai : Ferdig utkast til konkurransegrunnlag med tildelingskriterier. Samt ei prosess-skildring frå leverandør.

5 juni: sak vert sendt til tillitsvalde

12 juni: drøftingsmøte om kriterier med tillitsvalde (Innkalling vil bli sendt)

13 juni: sak vert sendt til fellesnemnda

17. juni : sak i fellesnemnda

25.juni : Utlysning TED/Doffin

6.sept.: Tilbodsfrist

Veke 37 : Forhandlingar

Formelle drøftingsmøter med tillitsvalde

16 .september: orientering til fellesnemnda om val av leverandør  
(Ev. 23. september: forskyve fellesnemnda (opphevleg 16/9))

30. september: frist for oppseiling av gamle avtalar

\*Det kan verte endringar i framdriftsplan.

## **Vurdering:**

Fristane for å få gjennomført anbodet er knappe og prosjektrådmannen er heilt avhengig av ekstern kompetanse, gjennom Aon AS, for å halde tidsskjemaet og sikre naudsynt kvalitet.

Pensjonsområdet er eit komplisert fagfelt som er i endring. Anbod vil truleg gje lågare pris og/eller betre kvalitet på leveranse på pensjonsområdet, noko som vil vere bra for Nye Øygarden kommune og for dei tilsette.



## SAKSDOKUMENT

Utvaksnsr	Utval	Møtedato
10/19	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune	04.06.2019
	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	

### Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - rammer, prinsipp og prosess

#### Samandrag av saka:

Innan 30. oktober 2019 skal det fattast vedtak om lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune. Denne drøftingssaka og vedlagt notat greier ut rammer, prinsipp og prosess fram mot endelig lokaliseringsvedtak. Partsamansett utval for Nye Øygarden kommune og Fellesnemda er invitert til å koma med innspel til saka.

Intensjonsavtalen seier bl.a. at Straume skal vera Nye Øygarden sitt kommunesenter, med Rong og Skogsvåg som kommunedelsenter, òg at nærtetenesteprinsippet skal leggjast til grunn for tenesteytinga. Dette inneber bl.a. at dei publikumsretta tenestene skal vera sikra i kommunale servicesenter, og brukarretta tenester skal lokaliserast så nær brukarane som mogeleg.

Omstillingsavtalen regulerer bl.a. tilsette sine rettar og fagorganisasjonane sin medråderett i verksemldsoverdraginga til Nye Øygarden kommune 01.01.2020. Prosjektrådmannen legg til grunn at tilsette sine organisasjonar skal vera viktige medspelarar i prosessen fram mot lokaliseringsvedtak 30. oktober.

Gjennomført risiko-analyse (januar 2019) identifiserte sein avklaring rundt lokalisering av arbeidsplassar, som ei utfordring med «høg risiko» og «fargekode raud». Fargekode raud inneber at risikoreduserande tiltak bør identifiserast og setjast i verk. Føreslårne tiltak frå ros-analysen var god «informasjon om kva 30.10. betyr» og at det bør vurderast ei «tidlegare avklaring på lokalisinga». Prosjektrådmannen ser vedlagt notat og denne drøftingssaka som ledd i arbeidet med dei nemte tiltaka.

Prosjektrådmannen foreslår ei stegvis avklaring i lokalisinga:

**Steg 1: Identifisera einingar m/tilsette som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar. Frist er sett til 13. september.**

**Steg 2: Arbeide fram forslag til tenester som skal vera sikra i lokale servicesenter.**  
**Identifisera andre tenester som bør få ei brukarnær lokalisering. Gje innspel til tenester som kan sentraliseras til kommunesenteret eller kommunedelsentra. Foreslå sjefsområder, einingar, fag, stab etc. som av samhandling- og effektivitetsomsyn bør vera lokalisiert fysisk nær kvarandre. Frist for gjennomføring er sett til 20. september.**

**Prosjektrådmannen foreslår å delegere steg 1 og 2 til hovudprosjekta v/kommunalsjefane.**

**Steg 3: Prosess fram mot endelig vedtak 30. oktober. For område der det er føremålstenleg og viktig for å få klargjort lokala før 1. januar 2020, kan avgjerd om lokalisering gjerast fortløpende og tidlegare enn «siste frist». Vedtaksmynde vert lagt til prosjektrådmannen. I tråd med omstillingssavtalen skal tilsette sine fagorganisasjonar vera involvert i heile vedtaksprosessen.**

**Prosjektrådmannen legg til grunn at kommunale eigedomar på Straume, Skogsvåg, Rong (og ev. andre stadar) skal takst i bruk, og at overflødige, eller eventuelt leigde bygningsmassar, skal fasast ut.**

**Innstilling:**

1. Partsamansett utval for Nye Øygarden kommune tar vedlagt drøftingssak til orientering.
2. Partsamansett utval for Nye Øygarden kommune ønskjer å gje følgjande innspel:
  - 
  - 
  -

Straume, den 29.05.2019

Rune Lid  
Prosjektrådmann

**Dokument vedlagt saka:**

Rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

## Rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune





NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

# Rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune.

Innan 30. oktober 2019 skal det fattast vedtak om lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune. Dette notatet greier ut rammer, prinsipp og prosess fram mot endeleg lokaliseringsvedtak.

## 1. Rammer og føringar

Det føreligg fleire avtalar og vedtak som legg føringar for lokaliseringsvala:

1. Intensjonsavtale Nye Øygarden kommune
2. Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden
3. Grunnlagsdokument og sak om overordna administrativ organisering på nivå 1 i Nye Øygarden kommune.
4. Rapport risiko-analyse HMT- knytt til omstilling Nye Øygarden kommune

### 1.1 Frå intensjonsavtalen:

Kapittel 5 i intensjonsavtalen seier at Straume skal vera Nye Øygarden sitt kommunesenter, med Rong og Skogsvåg som kommunedelsenter. *Nærtenesteprinsippet* skal leggjast til grunn for tenesteytinga i den nye kommunen. Dette inneber at dei *publikumsretta tenestene* skal vera sikra i *kommunale servicesenter*, og *brukarretta tenester* skal lokaliserast så nær *brukarane* som mogeleg. «Brukarar» må her forståast som *både innbyggjarar og tilsette i kommunen*.

Den nye kommunen skal ha gode digitale løysingar, både publikumsretta og i tenesteytinga. Digitalisering skal kunna kompensera for fysiske avstandar. Effektiviseringsvinstar ved etablering av ein ny og større kommune skal gje betre tenester til innbyggjarane.

Kva for tenester som skal lokaliserast i kommunale servicesenter må avklarast.

Følgjande hovudmål for den nye kommunen er relevante for lokaliseringsvalet:

1. Heile kommunen skal takast i bruk med levande lokalsamfunn og eit mangfaldig kommunesenter.
2. Kommunen skal levera tenester av høg kvalitet til beste for innbyggjarane.
3. Kommunen skal vera ein god arbeidsgjevar der trivsel og kompetanse er grunnleggjande faktorar. Rett kompetanse er grunnlag for eit godt tenestetilbod.



## NYE ØYGARDEN KOMMUNE

I kapittel 7, om *prinsipp* for tenesteyting heiter det: «Tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg, kan sentraliserast til kommunesenteret eller kommunedelsentera.

Intensjonsavtalen slår også fast at *gjeldande skule- og barnehagestruktur skal vidareførast*. Det same gjeld *omsorgstenestar* som sjukeheimslassar, omsorgsbustadar og bu- og servicesenter. Legevaka skal lokaliserast på Straume, og kommunedelsentera skal oppretthalda legeteneste tilsvarende dagens nivå på dagtid og noko utover normal opningstid.

At *gjeldande struktur* skal vidareførast betyr at *store grupper av tilsette i skule- og omsorgssektoren* i Nye Øygarden kommune vil få same arbeidsstad som i dag. Det vil difor vera viktig å snarleg starta arbeidet med å identifisera einingar og basistenester m/tilsette som *ikkje får endra arbeidsstad*.

Einingar og basistenester m/tilsette som ikkje vert involvert av endra lokalisering, må identifiserast tidleg i prosessen.

### 1.2 Omstillingssavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden

Omstillingssavtalen byggjer på Intensjonsavtalen, Arbeidsmiljølova(Aml), Hovudavtalen(HA) og Hovudtariffavtalen(HTA). Kommunesamanslåinga inneber verksemどoverdraging etter Aml. kap. 16, der alle tilsette i dei tidlegare kommunane vert overførte til nye Øygarden kommune frå 01.01.2020. Alle tilsette i Fjell, Sund og Øygarden har rett på jobb i den nye kommunen og skal ikkje få reduksjon i løna si, men ein del medarbeidarar vil få nye oppgåver og *ny arbeidsstad*.

Det vil vera tilsette og einingar som ut frå sin eigenart og drift, vert lite involvert i endringane. Desse tilsette vert overført *utan vesentlege endringar* i arbeidsavtalen og som *ei samla eining* til den nye kommunen. *Det skal lagast ei oversikt over kva for einingar og tilsette dette gjeld. Oversikta skal vera gjenstand for drøfting.*

Kva for einingar og tilsette som ikkje vert involvert av endringar, skal vera gjenstand for drøftingar.

Arbeidstakarorganisasjonane sin medråderett går fram av Aml, HA og HTA. I *alle delar av omstillingssarbeidet* skal dei *tilsette sine organisasjonar vera tett involvert*. Leiarar har eit særleg ansvar for å gi god informasjon til dei tilsette. *Tilsette som vert direkte råka av omstillingssprosessen, skal gis særskilt informasjon og oppleva individuell handsaming.*

*Tilsette som vert direkte råka av omstillingssprosessen, skal gis særskilt informasjon og oppleva individuell handsaming.*



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

### 1.3 Grunnlagsdokument og sak om overordna administrativ organisering på nivå 1 Nye Øygarden kommune.

I grunnlagsdokument for overordna administrativ organisering på nivå 1, vert følgjande føresetnader for å lukkast i den nye kommunen trokke fram:

- Sikra strategisk kompetanse og kapasitet
- Sikra sterke fagmiljø med redusert sårbarheit
- Sikra heilskapstenking, tverrfagleg samarbeid og mellomromskompetanse
- Sikra at brukarbehet vert sett i sentrum
- Sikra at nærteneprinsippet vert ivareteke
- Sikra effektiv drift
- Sikra nyskaping ved å ta i bruk nye teknologiske løysingar gjennom digitalisering og velferdsteknologi

Vedtak om lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune, må vurderast i lys av målsettinga om å byggja sterke fagmiljø med redusert sårbarheit, samt mål om kunna behalda (og rekruttera) strategisk viktig kompetanse.

I prosessen fram mot endeleg lokaliseringsvedtak, *bør ein difor identifisera om det finst faggrupper/strategisk viktig kompetanse som vil vera vanskeleg å behalde og eventuelt rekruttera dersom det vert føreteke vesentleg lokaliseringsendringar (jf. også gjennomført ROS-analyse).*

**Ein bør tidleg i prosessen identifisera om det finst faggrupper/strategisk viktig kompetanse som vil vera vanskeleg å behalde/eventuelt rekruttera dersom det vert føreteke vesentleg lokaliseringsendringar.**

Digitalisering skal kunna kompensera for fysisk avstand; både *inn* i organisasjonen og *ut* til innbyggjarane. «Brukaren i sentrum» og «nærtene» skal vera bærande prinsipp for lokalisering av *både* administrative- og tenesteproduserande einingar.

I organisasjonen kan behov for hyppig samarbeid/-handling på tvers av einingar og fag, vera eit argument for fysisk samlokalisering, men gode/betre digitale samhandlingsplattformar *kan* kompensera for fysiske avstandar.

**Brukaren i sentrum og nærtene skal vera bærande prinsipp for lokalisering av administrative- og tenesteproduserande einingar.**



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

## 1.4 Risiko-analyse HMT- knytt til omstilling Nye Øygarden kommune

I januar 2019 vart det gjennomført ei risiko-analyse for å identifisera utfordringar og tiltak som kan førebyggja uønskte hendingar som følgjer av omstillingsprosessen. Manglande eller sein avklaring rundt lokalisering av arbeidsplassar, vart identifisert som ei utfordring/hending med «høg risiko» og «fargekode raud».

Hending	Sannsyn	Risiko psykisk helse
H-11 Manglande eller sein avklaring rundt lokalisering av arbeidsplasser	4	16

Fargekode raud inneber at risikoreduserande tiltak bør identifiserast og setjast i verk. Føreslårte tiltak frå ros-analysen er god «*informasjon om kva 30.10. betyr*» og at det bør vurderast ei «*tidlegare avklaring på lokaliseringa*». Dette notatet må sjåast som ledd i arbeidet med desse nemnte tiltaka.

## 2. Ta i bruk eksisterande eigedomsmasse

I 2018/19 vart det gjennomført ei kartlegging av eigedomar/bygningar som kommunane Fjell, Sund og Øygarden eig eller leiger, og som potensielt kan takast i bruk i Nye Øygarden kommune. For å ivareta mål om effektiv drift og gode nærenestetilbod, skal kommunale eigedomar på Straume, Skogsvåg, Rong (og ev. andre stadar) takst i bruk. Overflødige, eller eventuelt leigde bygningsmassar, skal fasast ut.

## 3. Stegvis avklaringsprosess i lokaliseringa

Intensjonsavtalen legg til grunn at *gjeldande hovudstruktur* innan barnehage- og skulesektoren skal vidareførast. Det same gjeld omsorgstenestar som sjukeheimsplassar, omsorgsbustadar og bu- og servicesenter. Det er også vedteke at legevakta skal lokaliserast på Straume, og at kommunedelsentera skal oppretthalda legetenesta.

**Steg 1** i prosessen må difor vera å *identifisera dei einingane m/tilsette som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar*. I tillegg må det gjerast ei kartlegging av **andre** moglege einingar og tenestar innan t.d. stab, drift, vedlikehald, reinhald, transport etc. som *ikkje vil få endra fast arbeidsstad*.

Identifiserte einingar og grupper av tilsette som ikkje vert involvert av endringar, skal vera gjenstand for drøftingar med tilsette sine fagorganisasjonar (jf. omstillingsavtalen og Aml, HA og HTA).

Frist for gjennomføring av steg 1 vert sett til **13. september 2019**. Einingar m/tilsette som felle i «urørt-kategorien» skal deretter varslast. Ei slik framskunda lokaliseringavklaring for grupper av tilsette, må sjåast som eit risikoreduserande tiltak i tråd med tilrådingane i ROS-analysen.



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

**Steg2:** Intensjonsavtalen seier at *publikumsretta tenester* skal vera sikra i *kommunale servicesenter* og at *brukarretta tenester* skal vera *lokalisert så nær brukaren som mogleg*. Tenestar som innbyggjarane *ikkje nyttar dagleg, kan sentraliserast til kommunesenteret eller kommunedelsentera*. Desse føringane inneber ein «sorteringsjobb», der det vert arbeidd fram **forslag til:**

1. kva for tenester som skal vera sikra i lokale servicesenter
2. brukarretta tenester som ikkje vart «sortert ut» i steg 1, men som likevel bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering (jf. at brukarar må forståast som innbyggjarar og tilsette).
3. tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg, og dermed kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong eller andre tenelege stadar i kommunen (jf. å ta i bruk communal bygningsmasse).
4. sjefsområder, einingar, fag, stab etc. som av samhandling- og effektivitetsomsyn bør vera lokalisert fysisk nær kvarandre.

Frist for gjennomføring av steg 2 vert sett til **27. september**. Tilsette sine organisasjonar (jf. omstillingssavtalen og Aml, HA og HTA) skal vera involvert i prosessarbeidet knytt til steg 2.

**Steg 3:** Prosess fram mot endeleg vedtak **30. oktober** skal bygge på forslag i steg 2, men vedtaksmynne er lagt til prosjektrådmannen. I tråd med omstillingssavtalen skal tilsette sine fagorganisasjonar vera involvert i vedtaksprosessen. For område der det er føremålstenleg og viktig for å få klargjort lokala før 1. januar 2020, kan avgjerd om lokalisering gjerast fortløpande og tidlegare enn «siste frist».

#### 4. Ansvar og mynde

Sein avklaring i lokaliseringssaka er i ROS-analysen (jf. kap. 1.4.) vurdert som «høg-risiko» med behov for risikoreduserande tiltak. Dette notatet klargjer rammer og føringar (jf. kap. 1), prinsipp for tenesteyting (jf. kap. 1.1.), medverknad (jf. kap. 1.2.) og prosess fram mot vedtak 30. oktober 2019, og må såleis sjåast som er ei oppfølging av dei risikoreduserande tiltaka som vart fremma i ROS-rapporten.

Jf. kapittel 3 kan steg 1 delegerast til hovudprosjekta v/kommunalsjefane, der tilsette sine fagorganisasjonar og verneombod er representert. Identifiserte einingar og grupper av tilsette som **ikkje** vert involvert av lokaliseringendringar, skal vera gjenstand for **drøftingar** med tilsette sine organisasjonar (jf. omstillingssavtalen og Aml, HA og HTA).

Hovudprosjekta v/kommunalsjefane får også delegert mynde til å organisera og arbeide fram **forslag til:**

1. kva for tenester som skal vera sikra i lokale servicesenter



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

2. brukarretta tenester som ikkje vart «sortert ut» i steg 1, men som likevel bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering (jf. at brukarar må forståast som innbyggjarar og tilsette).
3. tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg, og dermed kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong eller andre tenelege stadar i kommunen
4. sjefsområder, einingar, fag, stab etc. som av samhandling- og effektivitetsomsyn bør vera lokalisert fysisk nær kvarandre.

Å delegera mynde til hovudprosjekta v/kommunalsjefane inneber breiare involvering og medverknad, og dermed eit risikoreduserande tiltak i prosessen fram mot endeleg lokalisering vedtak.

Steg 3, mynde til å fatta endeleg vedtak, vert lagt til prosjektrådmannen. Tilsette sine fagorganisasjonar og verneombod skal vera medspelarar i vedtaksprosessen. Endeleg vedtak skal leggjast fram for Fellesnemna til orientering.



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/19	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune	23.04.2019
11/19	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune	04.06.2019
	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	

### Etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune frå 01.01.2020

#### Samandrag av saka:

Utval for politisk styringsstruktur fekk i fellesnemnda sitt møte 22.01.18, eit utvida mandat kor dei skal tilrå etiske retningslinjer for den nye kommunen innan 01.01.2020.

Utvælet har i fire møte arbeidd med forslag til etiske retningslinjer. Det vart teken utgangspunkt i Sund kommune sine retningslinjer, som var det nyaste, men også Fjell og Øygarden sine retningslinjer var ein viktig del av drøftingane.

Eit utkast til etiske retningslinjer vart sendt ut på høyring til hovudtillitsvalde i alle dei tre kommunane, med høyingsfrist sett til 14.11.18.

Det kom inn to høyingsinnspel som vart behandla i utvalsmøtet den 14.02.19. Utval for politisk styringsstruktur utarbeidde i dette møtet eit endeleg framlegg til etiske retningslinjer, som no vert lagt fram for partssamansett utval til uttale, og for fellesnemnda til endeleg avgjerd.

#### Innstilling:

Etiske retningslinjer for Øygarden kommune frå 01.01.20, vert vedtekne slik dei ligg føre.

Straume, den 18.03.2019

Rune Lid  
Prosjektrådmann

## **Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:**

Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til handsaminga av sak 4/19 og utdeling av høyringsuttalar til denne saka.

Etter ein lengre diskusjon vart det semje om å vedta følgjande fellesframlegg v/ møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy:

Etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune 01.01.2020 vert lagt ut på ny høyring med frist tysdag 14.mai 2019, og høyringsdokumenta skal sendast til arbeidstakarorganisasjonane og dei politiske partigruppene for uttale. Etter fristen skal ev. nye høyringsuttalar behandlast av utval for politisk styringsstruktur. Det skal deretter fremjast ny politisk sak, og både framlegg til etiske retningslinjer og alle innkomne høyringsuttalar skal følgje saka som vedlegg, til ny behandling i partssamansett utval 4.juni 2019 og påfølgjande møte i fellesnemnda 17.juni 2019.

## **Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:**

Etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune 01.01.2020 vert lagt ut på ny høyring med frist tysdag 14.mai 2019, og høyringsdokumenta skal sendast til arbeidstakarorganisasjonane og dei politiske partigruppene for uttale. Etter fristen skal ev. nye høyringsuttalar behandlast av utval for politisk styringsstruktur. Det skal deretter fremjast ny politisk sak, og både framlegg til etiske retningslinjer og alle innkomne høyringsuttalar skal følgje saka som vedlegg, til ny behandling i partssamansett utval 4.juni 2019 og påfølgjande møte i fellesnemnda 17.juni 2019.

### **Dokument vedlagt saka:**

- Framlegg til etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune frå 01.01.20

### **Saksopplysningar:**

Fellesnemnda skal i denne saka ta stilling til eit utkast til etiske retningslinjer for den nye kommunen, som skal vere gjeldande frå og med 01.01.2020. Utkastet til retningslinjer er utforma slik at ordlyden gjeld for den nye kommunen. Det betyr at dokumentet enklare kan omformast til den nye kommunen sine malar og system når den tid kjem.

Vidare i saka vert det gjort greie for saksgangen fram til ferdig utkast til etiske retningslinjer.

### ***Mandat***

I møtet i fellesnemnda 22.01.18 vart det drøfta om utval for politisk styringsstruktur burde få eit utvida mandat slik at dei også kunne utarbeide eit framlegg til etiske retningslinjer for den nye kommunen. Fellesnemnda vedtok samrøystes at utvalet skulle få eit slikt utvida mandat.

### ***Arbeidet med framlegg til etiske retningslinjer***

Utvælet har i til saman fire møte, arbeidd med eit ukast til etiske retningslinjer. I dei innleiande drøftingane var det semje om følgjande:

- Etiske retningslinjer skal gjelde både for folkevalde og tilsette.
- Etiske retningslinjer skal sendast på høyring til dei tilsette via hovudtillitsvalde.

- Sund kommune sine etiske retningslinjer vert nytta som utgangspunkt for nye retningslinjer.
- Etiske retningslinjer skal vere vedtekne innan 01.01.2020.

Utvalet avklarte også i sitt arbeid at kommunen har lov til å ha felles retningslinjer for både tilsette og folkevalde.

#### *Høyring*

I oktober 2018 vart utkast til etiske retningslinjer sendt ut på høyring til dei fire hovudsamanslutningane i kvar kommune, samt hovudverneomboda, med frist til 14.11.18 å levere ein høyringsuttale. Etter utgangen av fristen var det komme inn to uttaler:

- Ei samla uttale frå arbeidstakarorganisasjonane etter hovudsamanslutningsmodellen, og vernetenesta i Fjell kommune.
- Uttale frå Akademikarane i Sund kommune.

Høyringane vart vurdert og gjennomgått i detalj av utvalet i møtet den 14.02.19. Nokre av innspela vart innarbeidd i utkast til etiske retningslinjer, som i denne saka vert lagt fram for fellesnemnda til endeleg avgjerd.



Dato: 16.05.2019  
Vår ref.: 2018/3874 - 14977/201  
Ark.kode: 000

## Ny høyringsrunde for etiske retningslinjer - Øygarden 2020

Etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune vart lagt fram for behandling i partssamansett utval 23.04.19 og det vart gjort slikt vedtak:

### **Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:**

*Etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune 01.01.2020 vert lagt ut på ny høyring med frist tysdag 14.mai 2019, og høyringsdokumenta skal sendast til arbeidstakarorganisasjonane og dei politiske partigruppene for uttale. Etter fristen skal ev. nye høyringsuttalar behandlast av utval for politisk styringsstruktur. Det skal deretter fremjast ny politisk sak, og både framlegg til etiske retningslinjer og alle innkomne høyringsuttalar skal følgje saka som vedlegg, til ny behandling i partssamansett utval 4.juni 2019 og påfølgjande møte i fellesnemnda 17.juni 2019.*

Etiske retningslinjer vart den 24.04.19 sendt ut på ny høyringsrunde til dei politiske partigruppene, via fellesnemnda sine medlemmer, og til arbeidstakarorganisasjonane. Frist for nye innspel vart sett til tysdag 14.05.19. Allereie innsendte høyringsinnspel føl saka vidare og treng ikkje sendast på ny. Det var ikkje komme inn nokon nye innspel innan fristen.

Saksframlegget er difor uendra og blir lagt fram på ny for partssamansett utval og til endeleg behandling i fellesnemnda. Til saka er det knytt til tre nye vedlegg, som ikkje står oppført i saksframlegget:

- Dette notatet
- Høyringsinnspel frå Akademikarane i Sund kommune
- Høyringsinnspel frå Fjell kommune v/ hovudverneombod, Akademikarane, Delta YS, Fagforbundet LO, Utdanningsforbundet Unio

Marianne Sandahl Bjørøy  
Leiar utval for politisk styringsstruktur

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

# Etiske retningslinjer

Frå 01.01.20



[nyeoygardenkommune.no](http://nyeoygardenkommune.no)



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

## ETISKE RETNINGSLINJER FOR ØYGARDEN KOMMUNE

### 1. INNLEIING

Målet med Øygarden kommune sine etiske retningslinjer er å sikre ein etisk standard som gjer at innbyggjarane har tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Øygarden kommune legg vekt på at dei som representerer kommunen er ryddige, ærlege og opne i si framferd. Både folkevalde og tilsette skal følgje dette prinsippet.

Retningslinjene byggjer på allmenne etiske verdiar og normer som krev rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig, og at ein skal oppføre seg mot andre slik ein ønskjer at andre skal oppføre seg mot ein sjølv.

Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalte fellesskapet sine ressursar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hos dei som handlar på vegner av kommunen.

Dei etiske retningslinjene vert gått gjennom for dei folkevalde i starten av kvar ny kommunestyreperiode. Alle tilsette i kommunen skal kjenne til retningslinjene. I opplæringsprogram for tilsette og folkevalde, skal etikk og møtekultur vere viktige tema.

### 2. INNBYGGJARANE

I si verksemd som tenesteytar og forvaltningsmynde pliktar dei som representerer kommunen å ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, sikre lik behandling og vise respekt for kvart individ.

I si framferd skal ein vere tilgjengeleg, open, raus, kompetent og løysingsfokusert.

Fortrulege opplysningars som kjem fram i samband med oppfølging av innbyggjarane sine saker skal respekterast, og må ikkje komme uvedkommande i hende. Folkevalde og tilsette må heller ikkje nytte slik informasjon til personleg vinning.

### 3. OMDØMME

Den einskilde folkevald og den einskilde tilsett pliktar å utføre sine oppgåver og opptre på ein etisk forsvarleg måte, slik at kommunen sitt omdømme ikkje vert skadd.



## NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Folkevalde og tilsette skal arbeide for at tenester og varer kommunen nyttar vert produsert på ein etisk forsvarleg måte.

### 4. OPENHEIT

Alle har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit og integritet.

Det skal vere openheit og innsyn i forvaltninga, slik at alle kan gjere seg kjend med kommunen si verksemd. Tilsette skal gje korrekt og tilstrekkeleg informasjon til andre styresmakter, selskap, organisasjonar og innbyggjarar.

Ein viser i denne samanheng til kommunen sitt medlemskap i *Transparency International Norge*.

### 5. LOJALITET OG YTRINGSFRIDOM

Folkevalde og tilsette i Øygarden kommune har plikt til å følgje dei lover og reglar som gjeld for kommunen.

Det er viktig at kommunalt tilsette engasjerer seg i ein open, fri og allsidig diskusjon om samfunnsspørsmål.

Når vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den følgjast opp utan unødig opphold innanfor dei rammer som gjeld, upåverka av eventuelle faglege eller politiske motførestellingar.

Tilsette har som alle ein grunnleggjande rett til å delta i den offentlege debatten. Folkevalde og tilsette skal opptre konstruktivt og med verdigheit når dei tek del i samfunnsdebatten, uavhengig av kva møteplassar, fora eller media dette skjer i. Den einskilde skal tenkje gjennom dilemma som kan oppstå i høve til lojalitetsplikta. Særleg gjeld dette leiarane der kommunen forventar særleg varsemd i høve til lojalitetsplikta.

Arbeidsgjevar skal sjå til at arbeidstakar sine interesser vert sikra så langt råd er. Lovreglar om teieplikt skal etterlevast. Den enkelte har ansvar for at ytringar ikkje kjem i konflikt med lojalitets- og teieplikta.

### 6. GILDSKAP

Alle som legg til rette for, og fattar vedtak i kommunen, er bundne av forvaltningslova sine reglar om gildskap.

Tilsette har sjølvstendig plikt til å varsle sine overordna om gildskap slik at dei kan fritakast for vidare medverknad med saka. Ved tvil om gildskap skal den tilsette ta dette opp med nærmeste leiar.

For folkevalde skal spørsmål om gildskap takast opp med det politiske organet den folkevalde er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

gildskap. Ved val til politiske utval skal valnemnda vurdere om medlemmene kan komme i lojalitets- og interessekonfliktar.

## **7. FORRETNINGSDRIFT**

Kommunen si forretningsverksemnd skal drivast slik at innbyggjarar, brukarar og leverandørar har tillit til måten fellesskapet sine midlar vert brukt.

Folkevalde og tilsette må ha kunnskap om, og følgje dei lover og reglar som gjeld for offentlege innkjøp. Alle innkjøp må basere seg på å vere føreseielege, gjennomsiktige, kunne etterprøvast, samt vere basert på likebehandling og god forretningsskikk.

Tilsette og folkevalde skal vere bevisste på at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegner av alle innbyggjarar i kommunen.

I samsvar med kommunen sitt medlemskap i *Transparency International Norge*, vert det praktisert null-toleranse for alle former for korruption i verksemda.

## **8. GÅVER OG ANDRE FORDELAR**

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, slik som blomar, reklamemateriell eller liknande.

Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen, arbeidsgjevar- eller arbeidstakarorganisasjon.

Folkevalde som er med på reiser for å representere kommunen, skal få dekka sine utgifter knytt til reisa av kommunen.

Representasjon og gjestfridom er ein naturleg del av det å samarbeide med andre. Representasjon må likevel ikkje vere av eit slikt omfang at det kan gje grunn til å tru at avgjerdssprosessar i kommunen kan bli påverka.

## **9. UØNSKT ÅTFERD / RETT TIL Å VARSLE**

Øygarden kommune føreset og krev, at folkevalde og tilsette viser respekt for kvart einskild menneske, uavhengig av personlegdom, kjønn, seksuell legning, alder, religion, livssyn, etnisitet, politisk overtyding og andre grunnleggande føresettader.

Ingen skal diskriminere, mobbe, trakkassere eller gjere forskjell på personar, kundar eller innbyggjarar.

Kommunen pliktar å legge forholda til rette for varsling.



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

Melding om uønskt åtferd/uheldige tilhøve i slik samanheng, skal skje i samsvar med kommunen sine varslingsrutinar. I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova (§2-4 og 2-5). Leiarar har eit særleg ansvar for at medarbeidarar som avdekker og varslar om uheldige tilhøve, vert følgde opp i samsvar med kommunen sine reglar og rutinar.

Folkevalde som vert kjende med brot på dei etiske retningslinjene skal varsle ordføraren.

## **10. REGISTRERING AV STYREVERV OG ØKONOMISKE INTERESSER**

Øygarden kommune er tilknytt *Styrevervsregistret*, og opplysningsar om folkevalde og tilsette sine verv og stillinger er registrert der. Opplysningane er henta frå *Enhetsregistret*, *Foretaksregistret* (Brønnøysund) og *Kommuneregistret*.

Folkevalde, og likeins tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdsrett, vert oppmoda til sjølve å registrere andre verv og interesser for å sikre openheit og transparens om økonomiske tilhøve, for slik å bygge tillit rundt dei prosessane ein deltek i.

## **11. OPPFØLGING**

Kvar einskild folkevald og tilsett i kommunen, har ansvar for å følgje dei etiske retningslinjene. Det er eit leiaransvar at brot på retningslinjene vert påtala og at mogeleg reaksjon vert vurdert.

# ETISKE RETNINGSLINER FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

## 1. INNLEIING

Siktemålet Målet med Nye Øygarden kommune sine etiske retningsliner er å sikra at ein etisk standard blir følgt, og som gjer at innbyggjarane har fått tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Nye Øygarden kommune legg vekt på at dei som representerer kommunen er profesjonell, ryddige, ærlege og imøtekommande i si framferd. Både folkevalde og tilsette skal følgje retningslinene fylgja opp dette prinsippet.

Commented [SM1]: I mange saker skal vi ikkje vere «opne».

Commented [SM2]: Står ingen prinsipp ovenfor

Retningslinene byggjer på allmenne etiske verdiar og normer som stiller krav omkrev rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig – og at ein skal oppføre seg mot andre slik ein ynskjer at andre skal oppföra seg mot ein sjølv.

Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet i kommunen sine ressursar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hjå dei som handlar på vegne av kommunen.

## 2. INNBYGGJARANE

I sin verksemad som tenesteytar og forvaltningsmynde pliktar dei som representerer kommunen å ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, sikra lik handsaming og vise respekt for kvart individ.

I sin framferd skal ein vere tilgjengeleg, open, raus, kompetent og løysingsfokusert.

Fortrulege opplysningar som kjem fram i samband med oppfylging av innbyggjarane sine saker skal respekterast – og må ikkje koma ivedkomande i hende. Folkevalde og tilsette må heller ikkje nytta slik informasjon til personleg vinning.

## 3. OMDØME

Den einskilde folkevalde og den einskilde tilsette pliktar å utføra sine oppgåver og oppstre på ein etisk forsvarleg måte – slik at kommunen sitt omdøme ikkje vert skadd.

Folkevalde og tilsette skal arbeida for at tenester og varer kommunen nyttar vert produsert på ein etisk forsvarleg måte.

#### 4. OPENHEIT

Alle tilsette har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit og integritet.

Det skal vere openheit og innsyn i forvaltninga, slik at alle kan gjere seg kjend med kommunen sin verksamhet. Tilsette skal gje korrekt og tilstrekkeleg informasjon til andre styresmakter, selskap, organisasjonar og innbyggjarar.

Ein viser i denne samanheng til kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge.

#### 5. LOJALITET OG YTRINGSFRIDOM

Folkevalde og tilsette i Nye Øygarden kommune skal sikre at kommunen har plikt til å følgje fylgia dei lover og reglar som gjeld før kommunen.

**Commented [SM3]:** At kommunen skal følge regelverket seier seg sjølv.

Etter arbeidstid skal tilsette følgje dei reglar som gjeld for alle, samd ev. føresegrar i arbeidsavtale - men ikkje meir.

Det er viktig at kommunalt tilsette engasjerer seg i ein open, fri og allsidig diskusjon om samfunnsspørsmål – slik normal-alminneleg oppfatning av ytringsfridom tilseier.

Når -vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den fylgjast opp utan unødig opphald innanfor dei rammer som gjeld – upåverka av eventuelle faglege eller politiske motførestellingar.

Tilsette har som alle ein grunnleggjande rett til å delta i den offentlege debatten. Folkevalde og tilsette skal oppstre konstruktivt og med verdigheit når dei tek del i samfunnsdebatten, uavhengig av kva møteplassar, fora eller media dette skjer i. Den einskilde skal tenkje gjennom dilemma som kan oppstå i høve til lojalitetsplikta. Særleg gjeld dette leiarane der kommunen forventar særleg varsemd i høve til lojalitetsplikta.

Arbeidsgjevar skal sjå til -at arbeidstakar sine interesser vert sikra så langt råd er.

Lovreglar om teieplikt skal etterlevast. Den enkelte har ansvar for at ytringar ikkje kjem i konflikt med lojalitets- og teieplikta.

## **6. UGILDSKAP**

Alle som fattar vedtak og legg til rette tilrettelegg for \_ og fattar vedtak i kommunen, er bundne av forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming. Dette gjeld også reglar om krav til habilitet.

Tilsette har sjølvstendig plikt til å varsle overordna om inhabilitet slik at dei kan fritakast for vidare medverknad med saka. Ved tvil om habilitet skal den tilsette ta dette opp med nærmeste leiar. Dersom ein leiar er inhabil er alle tilsette inhabil. Leiar må ta spørsmålet opp med rådmannen, for at leiar med tilhøyrande eining kan fritakast for vidare medverknad med saka.

For folkevalde skal spørsmål om habilitet takast opp med det politiske organet ein er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet. Ved val til ulike politiske utval skal valnemnda medverka til at medlemene unngår å kome i lojalitets- og interessekonfliktar.

## **7. FORRETNINGSDRIFT**

Kommunen sin forretningsverksemrd skal drivast slik at innbyggjarar, brukarar og leverandørar har tillit til måten fellesskapet sine midlar vert brukt.

Folkevalde og tilsette må ha kunnskap om og fylgja dei lover og reglar som gjeld for offentlege innkjøp.

Tilsette og folkevalde skal vere bevisste påmedviten at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarar i kommunen. Dei pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på den mest økonomiske og rasjonelle måten og ikkje misbruke eller sløse.

Tilsette som deltar i kommunen sin forretningsmessige virksomhet plikter å sette seg grundig inn i og etter leve lov og forskrift om offentlige anskaffelser og kommunens eget regelverk på området. Alle anskaffelser må baseres på forutsigbarhet, gjennomsiktighet, etterprøvbarhet, likebehandling og god forretningskikk

I samsvar med kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge, vert det praktisert nulltoleranse for alle former for korruption i verksemda.

## **8. GÅVER OG ANDRE FORDELAR**

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverka, eller vera eigna til å påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, slik som blomar, reklamemateriell eller liknande. Den tilsette skal likevel opplyse om slike gåver til nærmeste leiar for å sikre opneheit.

Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen, arbeidsgjevar- eller arbeidstakarorganisasjon.

Folkevalde som er med på reiser for å representera kommunen skal få dekka sine utgifter knytte til reisa av kommunen.

Representasjon og gjestfridom er ein naturleg del av det å samarbeida med andre. Representasjon må likevel ikkje vera av eit slikt omfang at det kan gje grunn til å tru at avgjerdss prosessar i kommunen kan verta påverka.

## **9. UØNSKA ADFERD / RETT TIL Å VARSLA**

Nye Øygarden kommune føreset og krev at folkevalde og tilsette viser respekt for kvart einskild menneske, uavhengig av personlegdom, kjønn, seksuell legning, alder, religion, livssyn, etnisitet, politisk overtyding -og andre grunnleggande føresetnader.

Ingen skal diskriminere ea, mobbe ea, trakkasser ea eller gjere forskjell på personar, kundar eller innbyggjarar på slikt eller anna grunnlag.

Kommunen pliktar å leggje forholda til rette for varsling.

Melding om uønska adferdåtferd/uheldige tilhøve i slik samanheng, skal skje i samsvar med kommunen sine varslingsrutinar. I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova (§2-4 og 2-5). Leiarar har eit særleg ansvar for at medarbeidarar som avdekkjer og varslar om uheldige tilhøve, vert fylgde opp i samsvar med kommunen sine reglar og rutinar.

Folkevalde som vert kjende med brot på dei etiske retningslinene skal varsle ordføraren.

## **10. REGISTRERING AV STYREVERV OG ØKONOMISKE INTERESSER**

Nye Øygarden kommune er ~~tilknyttat~~tilknytt Styrevervsregistret, og opplysningar om folkevalde og tilsette sine verv og stillingar er registrert der. Opplysningane er henta frå Enhetsregistret, Føretaksregistret (Brønnøysund) og Kommuneregistret.

Folkevalde, og likeins tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdssrett, vert oppmoda til sjølv å registrera andre verv og interesser for å sikre openheit og transparens om økonomiske tilhøve for slik å byggja tillit rundt dei prosessane ein deltek i.

## **11. OPPFYLGING**

Kvar einskild folkevald og kvar einskild tilsett i kommunen har ansvar for å fylgja dei etiske retningslinene. Det er eit leiaransvar at brot på retningslinene vert påtala og at ~~-mogeleg~~ reaksjon vert vurdert.



Straume 07.12.18

## **Uttale etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune**

Arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta vil med dette gje ein felles uttale til dokument om etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune.

Endringar og tillegg er skriven inn i høyringsdokumentet.

På vegne av arbeidstakarorganisasjonane etter hovudsamanslutningsmodellen og vernetenesta i Fjell

Trude E. Villanger  
Hovudverneombod

Lars Sverre Hausnes  
felles-HTV Akademikerne

Rikard Kvaal  
HTV Delta, YS

Bodil Aleksandersen  
HTV Fagforbundet, LO

Nina Zandstra  
HTV Utdanningsforbundet, Unio

# **ETISKE RETNINGSLINER FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE**

## **1. INNLEIING**

Målet med Nye Øygarden kommune sine etiske retningsliner er å sikra ein etisk standard som gjer at innbyggjarane har tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Nye Øygarden kommune legg vekt på at dei som representerer kommunen er ryddige, ærlege og opne i si framferd. Både folkevalde og tilsette skal fylgja opp dette prinsippet.

Retningslinene byggjer på allmenne etiske verdiar og normer som krev rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig – og at ein skal oppføre seg mot andre slik ein ynskjer at andre skal oppföra seg mot ein sjølv.

Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet sine ressursar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hjå dei som handlar på vegne av kommunen.

**Dei folkevalde skal vere medvitne om rolla si som arbeidsgjevar og om arbeidsgjevaransvaret som dei har for tilsette i nye Øygarden kommune.**

**Samhandling mellom folkevalde og tilsette må leggjast til rette og praktiserast slik at det fremjar eit god arbeidsmiljø på ein god og trygg måte, jf. Arbeidsmiljølova § 4.3.**

**Dei etiske retningslinene vert gått gjennom i starten av kvar nye kommunestyreperiode for dei folkevalde i nye Øygarden. Alle tilsette i nye Øygarden skal kjenna til retningslinene.**

**I opplæringsprogram både for tilsette og folkevalde skal etikk og møtekultur vere viktige tema.**

## **2. INNBYGGJARANE**

I si verksemد som tenesteytar og forvaltningsmynde pliktar dei som representerer kommunen å ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, sikra lik handsaming og vise respekt for kvart individ.

I si framferd skal ein vere **tilgjengeleg imøtekommande**, open, raus **venleg**, kompetent og løysingsfokusert.

Forerulege opplysningane som kjem fram i samband med oppfølging av innbyggjarane sine saker skal respekterast – og må ikkje koma uvedkomande i hende. Folkevalde og tilsette må heller ikkje nytta slik informasjon til personleg vinning.

### **3. OMDØME**

Den einskilde folkevalde og den einskilde tilsette pliktar å utføra sine oppgåver og opptre på ein etisk forsvarleg måte – slik at kommunen sitt omdøme ikkje vert skadd.

Folkevalde og tilsette skal arbeida for at tenester og varer kommunen nyttar vert produsert på ein etisk forsvarleg måte.

### **4. OPENHEIT**

Alle har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit og integritet.

Det skal vere openheit og innsyn i forvaltninga, slik at alle kan gjere seg kjend med kommunen si verksemd. Tilsette skal gje korrekt og tilstrekkeleg informasjon til andre styresmakter, selskap, organisasjonar og innbyggjarar.

Ein viser i denne samanheng til kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge.

### **5. LOJALITET OG YTRINGSFRIDOM**

Folkevalde og tilsette i Nye Øygarden kommune har plikt til å fylgja dei lover og reglar som gjeld for kommunen.

Det er viktig at kommunalt tilsette engasjerer seg i ein open, fri og allsidig diskusjon om samfunnsspørsmål. —~~slik normal oppfatning av ytringsfridom tilseier.~~

Når vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den fylgjast opp utan unødig opphold innanfor dei rammer som gjeld – upåverka av eventuelle faglege eller politiske motførestellingar.

Tilsette har som alle ein grunnleggjande rett til å delta i den offentlege debatten. Folkevalde og tilsette skal opptre konstruktivt og med verdigheit når dei tek del i samfunnsdebatten, uavhengig av kva møteplassar, fora eller media dette skjer i. Den einskilde skal tenkje

gjennom dilemma som kan oppstå i høve til lojalitetsplikta. Særleg gjeld dette leiarane der kommunen forventar særleg varsemd i høve til lojalitetsplikta.

**Dei tillitsvalde og verneomboda står i ei særstilling når det gjeld ytringsfridomen og skal tale medlemmene og dei tilsette si sak. Det skal difor meir til før ein tillitsvald eller eit verneombod vert vurdert for brot på lojalitetsplikta.**

Arbeidsgjevar skal sjå til at arbeidstakar sine interesser vert sikra så langt råd er i samsvar med lov- og avtalverk.

Lovreglar om teieplikt skal etterlevast. Den enkelte har ansvar for at ytringar ikkje kjem i konflikt med lojalitets- og teieplikta.

## **6. UGILDSKAP**

Alle som fattar vedtak og **tilrettelegg legg til rette** for vedtak i kommunen, er bundne av forvaltningslova sine reglar om habilitet.

Tilsette har sjølvstendig plikt til å varsle overordna om inhabilitet slik at dei kan fritakast for vidare medverknad med saka. Ved tvil om habilitet skal den tilsette ta dette opp med nærmeste leiar.

For folkevalde skal spørsmål om habilitet takast opp med det politiske organet ein er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet. Ved val til ulike politiske utval skal valnemnda **medverka sjå** til at medlemmene unngår å kome i lojalitets- og interessekonfliktar.

## **7. FORRETNINGSDRIFT**

Kommunen si forretningsverksemnd skal drivast slik at innbyggjarar, brukarar og leverandørar har tillit til måten fellesskapet sine midlar vert brukt.

Folkevalde og tilsette må ha kunnskap om og fylgja dei lover og reglar som gjeld offentlege innkjøp.

Tilsette og folkevalde skal vere bevisste på at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarar i kommunen. Dei pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på den mest økonomiske og rasjonelle måten **og ikkje misbruke eller sløse**.

I samsvar med kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge, vert det praktisert nulltoleranse for alle former for korruption i verksemnda.

## **8. GÅVER OG ANDRE FORDELAR**

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverka, eller vera eigna til å påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, slik som blomar, reklamemateriell eller liknande.

Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen, arbeidsgjevar–eller arbeidstakarorganisasjon–eller anna offentleg ansvarleg for tenestereisa.

Folkevalde som er med på reiser for å representera kommunen skal få dekka sine utgifter knytte til reisa av kommunen.

Representasjon og gjestfridom er ein naturleg del av det å samarbeida med andre. Representasjon må likevel ikkje vera av eit slikt omfang at det kan gje grunn til å tru at avgjerdss prosessar i kommunen kan verta påverka.

## **9. UØNSKA ADFERD / RETT TIL Å VARSLA**

Nye Øygarden kommune føreset og krev at folkevalde og tilsette viser respekt for kvart einskild menneske, uavhengig av personlegdom, kjønn, seksuell legning, alder, religion, livssyn, etnisitet, politisk overtyding og andre grunnleggande føresetnader.

Ingen skal diskriminera, mobba, trakkassera eller gjere forskjell på personar, kundar eller innbyggjarar på slikt eller anna grunnlag.

Kommunen pliktar å legge forholda til rette for varsling.

Melding om uønska adferd/ uheldige tilhøve i slik samanheng, skal skje i samsvar med kommunen sine varslingsrutinar. I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova (§2-4 og 2-5). Leiarar har eit særleg ansvar for at medarbeidarar som avdekker og varslar om uheldige tilhøve vert fylgde opp i samsvar med kommunen sine reglar og rutinar.

Folkevalde som vert kjende med brot på dei etiske retningslinene skal varsle ordføraren.

## **10. REGISTRERING AV STYREVERV OG ØKONOMISKE INTERESSER**

Nye Øygarden kommune er tilknytta Styreversregistret, og opplysnings om folkevalde og tilsette sine verv og stillingar er registrert der. Opplysningane er henta frå Enhetsregistret, Føretaksregistret (Brønnøysund) og Kommuneregistret.

Folkevalde, og likeins tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdssrett, vert oppmoda til sjølv å registrera andre verv og interesser for å sikre openheit og transparens om økonomiske tilhøve for slik å byggja tillit rundt dei prosessane ein deltek i.

## **11. OPPFYLGING**

Kvar einskild folkevald og kvar einskild tilsett i kommunen har ansvar for å fylgja dei etiske retningslinene. Det er eit leiaransvar at brot på retningslinene vert påtala og at mogeleg reaksjon vert vurdert **utifrå kommunale rutinar/prosedyrar**.